



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 31. januar 2017
Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen
Kl.: 08.30 – 12.00
Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Aslaug Aalen (medlem), Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug), Morten Klementsens (medlem, møtte frå sak 04/17 og utover) og Rikke Nordal (medlem)
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, ordfører Øyvind Oddekalv, rådgjevar pleie og omsorg og sosial Helge Kvam (til sak 04/17) og tenestoområde leiar Britt Hilde Romarheim (til sak 04/17)
Revisjon: Reidar Bjørsvik
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Øyvind Bratshaug (medlem)

.....
01/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte
Saksvedlegg: Møteutskrift frå møtet 22.11.2016

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 22.11.2016 vart godkjent.

03/17 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv og meldingar.

04/17 Orientering om tilsyn: helsetenester til vaksne med psykisk utviklingshemming
Saksvedlegg: Rapport frå tilsyn med Meland kommune 2016, Fylkesmannen i Hordaland

Kontrollutvalet fekk rapporten om tilsyn ved helsetenester til vaksne med psykisk utviklingshemming i sak 28/16 og ønsket å få ein orientering om korleis Meland kommunen følgjer rapporten opp.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit, rådgjevar pleie og omsorg og sosial Helge Kvam og tenestoområde leiar Britt Hilde Romarheim møtte i saka og orienterte om kommunen

sin oppfølging av rapporten. Det vart utdelt dokumenter om korleis kommunen har svart og følgt opp dei avvika som kom fram i rapporten. Etter planen skal avvika vere lukka i løpet av februar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til vitande.

05/17 Meland kommune 2017 – 2019 – Orientering frå rådmannen

Saka vart handsama etter sak 06/17.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit har fått ny stilling i ein annan kommune, og avsluttar i jobben som rådmann i Meland kommune innan april 2017.

Rådmannen orienterte om sine vurderingar for Meland kommune fram mot kommunesamanslåinga, og peika mellom anna på:

- Ressursar og kompetanse
- Bruk av Visma og felles IKT
- Stram økonomi med ingen buffer
- Dei ulike tenestområda sine behov framover
- Kommunikasjonen ut mot innbyggjarane
- Midlertidige og prosjektbaserte stillingar
- Tidleg innsats i oppvekstsektoren

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og godt samarbeid, og ønska rådmannen lykke til vidare i ny stilling.

06/17 Oppfølging av vedtak i kommunestyret 14.12.16 – Sak om flytting av Blom fiskeoppdrett

Saksvedlegg: Vedtaksbrev: Klage over dispensasjonsvedtak – Flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet, Reglement for Meland kommunestyre, Reglement for hovudutvala, Reglement for Meland formannskap, Kommunestyresak 152/07 (12.12.2007), Kommunestyresak 063/09 (24.06.2009)

Kommunestyret vedtok i møtet 14.12.16 å sende saka om flytting av Blom fiskeoppdrett til kontrollutvalet. Framlegget lød: «Saka om flytting av Blom fiskeoppdrett vert sendt til Kontrollutvalet for uttale om saksbehandlingsfeil. Kommunestyret ber Kontrollutvalet om å vurdere om saka skulle vore handsama i kommunestyret.»

Saka om flytting av Blom fiskeoppdrett har vore handsama i Utval for drift og utvikling (UDU), der det vart i sak 58/2016 (i møte 05.09.2016) gitt dispensasjon frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen sin arealdel (KPA), for flytting av oppdrettanlegg frå Laksevika til Trollholet, jf. sak 58/2016 og sak

82/2016 i UDU. Vedtaket om dispensasjon har fått klage frå Fylkesmannen i Hordaland og 9 klageskriv frå totalt 14 naboar. Klagane vart handsama i UDU i sak 82/2016 (i møte 06.12.2016) med følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling finn at klagane frå Fylkesmannen i Hordaland og naboar ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 5.9.2016, sak 58/16, blir omgjort eller endra. Klagane blir difor ikkje tatt til følge. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir send Fylkesmannen i Hordaland for vidare klagehandsaming»

§ 6 i Kommuneloven tek opp delegasjonsvedtak. I note 28 til § 6, står det mellom anna: «Delegering er en form for tildeling av fullmakt. Det betyr at den man delegerer til, kan treffe beslutninger innenfor delegeringsvedtakets rammer på vegne av det delegerende organ, og med same rettsvirkningar som om det var truffet av dette» Vidare står det: «Endelig kan det delegerende organet ta det underordnede organs vedtak opp til ny vurdering og omgjøre dette i samme omfang som det kunne omgjort sitt eget vedtak, det vil i praksis si, i første rekke til gunst for en part. Det betyr at kommunestyret og fylkestinget aldri kan delegere fra seg ansvaret for de avgjørelser som treffes».

I reglementet for hovudutvala vedteke av Meland kommunestyret 09.11.2016, sak 101, står det i punkt 3 om arbeids- og ansvarsområde. Under arbeids- og ansvarsområdet for UDU står det lista opp desse punkta:

- Behandling av reguleringsplanar
- Kommunale vegar
- Vassforsyning
- Avlaup
- Renovasjon
- Byggjesaker
- Kart / oppmåling
- Landbruk / skogbruk / næring
- Fiske / jakt / vilt
- Natur / miljø
- Samferdsle
- Brannvern
- Oljevern
- Kommunale eigedommar

Denne saka vart handsama før sak 05/17.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordførar Øyvind Oddekalv møtte i saka.

Rådmannen og ordførar supplementerte sekretariatets saksutgreiing om bakgrunn for saka.

Kontrollutvalet diskuterte saka og trakk særleg fram desse punkta:

- Kommunestyresak 152/07 Delegasjon av avgjerdsmynde til Utval for levekår og Utval for drift og utvikling, datert 12.12.2007
- Forskjellen mellom § 11-17 og § 19-2 i Plan- og bygningsloven

- Når er ein sak «for stor» for dispensasjon
- Detaljnivået i reglement for UDU (hovudutvala, 09.11.2016)
- Kommunestyret sin delegeringsmoglegheit og status til underutvala
- Prinsipielle vs. kurante saker

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet har vurdert om saka skulle vore handsama i kommunestyret, jf. kommunestyret sitt vedtak gjort i møte 14.12.2016.

Kontrollutvalet vurderer at det ikkje er gjort saksbehandlingsfeil i denne saka ved at UDU har handsama saka. Når UDU handsama saka etter § 19-2, så ser kontrollutvalet at gjeldane delegasjonsreglementet er følgt.

Kontrollutvalet vil derimot benytte anledninga til å påpeke at gjeldane delegasjonsreglement ikkje er tydeleg nok og bør oppdateras.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart vedteken mot ei røyst (Morten Klemmentsen).

Vedtak:

Kontrollutvalet har vurdert om saka skulle vore handsama i kommunestyret, jf. kommunestyret sitt vedtak gjort i møte 14.12.2016.

Kontrollutvalet vurderer at det ikkje er gjort saksbehandlingsfeil i denne saka ved at UDU har handsama saka. Når UDU handsama saka etter § 19-2, så ser kontrollutvalet at gjeldane delegasjonsreglementet er følgt.

Kontrollutvalet vil derimot benytte anledninga til å påpeke at gjeldane delegasjonsreglement ikkje er tydeleg nok og bør oppdateras.

Merknad til vedtak frå Morten Klemmentsen:

«Jeg mener at Kommunestyret som kommunens høyeste organ burde behandle prinsipielle saker som denne. Hvorfor Rådmannen har sendt saken til UDU og ikke kommunestyret, er også uklart for meg.»

07/17 Orientering om kommunesamanslåinga

Denne saka vart handsama før sak 05/16.

Ordførar Øyvind Oddekalv orienterte om organiseringa og planane for kommunesamanslåingsprosessen. Kommunestyra har vald eit førebuande fellesnemnd med eiga mandat. Det er engasjert prosjektleiara fram til sommaren 2017 som skal utarbeide eit strategidokument. Dette skal omhandle prosessen fram til ny kommune 2020. Det skal også engasjeras ein informasjonsmedarbeidar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

08/17 Kontrollutvalet sin årsmelding for 2016

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding 2016 for kontrollutvalet

Denne saka vart handsama etter sak 05/17.

Sekretariatet la fram utkast til kontrollutvalet sin årsmelding for 2016 og kontrollutvalet diskuterte denne.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok kontrollutvalet sin årsmelding for 2016 slik den ligg føre.

09/17 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

10/17 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 25. april kl. 08.30.

Saker til neste møte:

- Årsrekneskap og årsmelding 2016
- Orientering om HMS
- Orientering om klagegangen i kommunen
- Orientering om møteportalen

Frekhaug, tysdag 31. januar 2017

Kåre Skibenes /leiar

Kåre Skibenes

Tonje Husum Aarland /sekretær

Tonje Husum Aarland

(medsendt til vedtaks)



Sendes

Jeg mener at Kommunestyret som
Kommunens høyeste organ burde
behandle prinsipielle saker som denne.
Hvorfor Rådmanden har sendt saken
til YOU og ikke Kommunestyret, er
også uklart for meg.

Markus